



14. august 2008

NYE SKYSS-OMRÅDE FRÅ 16. AUGUST

Frå 16. august overtek Skyss ansvaret for bussdrifta i regionen Voss og Hardanger. Området omfattar kommunane **Voss, Granvin, Kvam, Eidfjord, Ulvik, Ullensvang, Odda, Jondal, Kvinnherad og Etne, Tysnes, Fusa og Samnanger.**

Frå 16. august startar vi også opp i kommunane **Modalen og Vaksdal.** Modalen og Vaksdal vil få innført Skysskortet frå same dato.

Skyss er i gang med å innføre eit nytt billettsystem i heile fylket. Skysskortet, som erstattar alle gamle reisekort, er ein del av det nye billettsystemet. Frå før er Skysskortet innført i kommunane Stord, Sveio, Bømlo, Fitjar og Austevoll.

OM SKYSS

Skyss er etablert av Hordaland fylkeskommune for å administrere innkjøp av kollektivtenester. Det er Skyss som har ansvar for å hente inn anbod og å tildele kontraktar. Dette inkluderer ansvar for utarbeiding av rutetilbodet, sal og billettering, drift, kundeservice, marknadsføring og informasjon mot kundane. Skyss får etter kvart ansvar for busstrafikken i heile fylket.

KVEN KØYRER BUSSANE

Etter ein anbodskonkurransse har Tide Buss AS vunne kontrakten om bussruteproduksjon i regionen Voss og Hardanger, Modalen Eksingedalen Billag AS fekk tildelt kontrakten for kjøring av bussrutene i kommunane Modalen og Vaksdal. Kontraktane vart tildelt på bakgrunn av pris og ei rekke ulike kvalitetskrav.

NYE BUSSAR

Gjennom dei nye avtalane har Skyss sikra at kundane vil møte nytt bussmateriell i Skyss-områda, kor dei fleste bussane er heilt nye frå fabrikk. Alle bussane vil få lik Skyssdekor. Dei nye bussane representerer eit løft i standard for kundane, samtidig som dei tilfredstiller EUs nyaste miljøkrav.

RUTETILBODET

Utgangspunktet for rutetilbodet frå 16. august i regionen Hardanger Voss og kommunane Modalen og Vaksdal er rutetilbodet som har eksistert fram til denne datoen, med mindre justeringar. Rutene finn ein på skyss.no eller ute i bussane.

Skyss vil i forkant av ruteendringar bruke fakta frå marknadsundersøkingar og dialog med kundar og kommunar for å kunne gjennomføre og prioritere endringar.

REISER INN OG UT AV SKYSS-OMRÅDE

Skyss skal etter kvart overta driftsansvaret for kollektivtrafikken i heile fylket. Innføring av det nye billettsystemet vil og skje etappevis. Kundar i regionen Voss og Hardanger nyttar gamle busskort som før. Har ein Periodekort, Studentkort eller Ungdomskort frå det "gamle" billettsystemet kan ein reise inn til dei andre områda. Kvittering må følgje kortet. Kundar som reiser med Skysskortet

kan også reise mellom områda dersom ein har kjøpt reiseproduktet PeriodeSkyss eller UngdomSkyss. Kvittering må følgje kortet.

Enkeltbilletter kjøper ein hos sjåfør som før.

Sjå illustrasjon som viser område vi har innført Skysskortet i:



TAKSTAR

Alle generelle prisar og rabattordningar gjelder som før 16. august. For kundar som før 16. august har reist med buss i Modalen eller Eksingedalen vil oppleve mindre endringar i prisen som følgje av at sonetakst for Hordaland blir innført også her.

Kontaktpersonar:

Oddmund Sylta, direktør i Skyss: 93230401 / 55239394

Målfrid Vik Sønstabø, markedsjef i Skyss: 91653176 / 55239034